



Sogn regionråd

Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Høyanger rådhus

Møtedato: 09.12.2016

Tid: 09:00 – 14:30

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

- 0900 Ordførar Petter Sortland ønskjer velkomen til Høyanger kommune
Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 28.10.2016
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1130 Lunsj
- 1200 Helikopterflyging
Reiselivsdirektør Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord
- 1230 Vil vite senter
Kaupanger næringsforening
- 1300 Vårt lokalsamfunn
Rådgjevar Jørn Helgheim, Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane
- 1400 Programarbeidet «Pasientens helseteneste» og forprosjektet ombygging og utbygging av Førde sentralsjukehus
Informasjonssjef Terje Ulvedal, Helse Førde
- 1430 Vel heim!

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
28/16	16/479-27 Regional plan for Sogn regionråd 2017-2020 - framlegg
29/16	16/480-6 Samferdsleplan for Sogn regionråd - handlingsplan 2017
30/16	16/5069-1 Handlingsplan 2017 System for styrka læring
31/16	16/2478-10 Regional plan for styrka psykisk helse hos barn og unge
32/16	16/4975-3 Visit Sognefjord - søknad om tilskot
33/16	16/3941-4 Budsjett 2017 Sogn regionråd
34/16	16/482-12 Orienteringssaker i Sogn regionråd

Sogndal, 28.11.2016

Petter Sortland
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 16/479

Arkiv: 130

Saksnr.: Utval
28/16 Sogn regionråd

Møtedato
09.12.2016

Sak **28/16**

Regional plan for Sogn regionråd 2017-2020 - framlegg

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek å senda framlegg til regionalplan 2017-2020 på høyring.

Vedlegg:

Regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 – framlegg
Regional analyse for Sogn 2016, Telemarksforsking

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Regionalplanen er eit verktøy i regionrådet sitt arbeid med å utvikla regionen. Regionalplanen har fokus på det regionale perspektivet og felles satsingar, og skisserer dei viktigaste satsingsområda som kommunane vil samarbeida om og løysa i lag i perioden. Planen blir laga kvart fjerde år.

Regionrådet handsama i møtet 6.11.2015 sak om evaluering av gjeldande regionalplan. Dokumentet oppsummerer aktivitetar og vurderer regionalplanprosessen.

Kommunane fekk ein førebels versjon av regional analyse i september før fellesmøtet. Sentrale tema i analysen er folketalsutvikling, arbeidsplassar, næringsutvikling og attraktivitet.

Før felles formannskapsmøte drøfta formannskapa gjeldande regionalplan samt utfordringar og moglegheiter i Sogn. På felles formannskapsmøte 30.9.16 var det innleiingar og drøfting i arbeidsgrupper om kva som skal til for å få sterkare vekst i regionen og kva som bør vera satsingane til rådet framover. Eksterne samarbeidspartar deltok. Bakgrunnen for å involvera breitt er å få eigarskap og forankring.

Vidare framdrift er at regionalplanen blir sendt på høyring til kommunane og eksterne aktørar. Etter høyringsrunden blir planen lagt fram for vedtak 31. mars 2017 ilag med handlingsplanen.

RUP-gruppa hadde møte tidleg i oktober for å oppsummere innspela frå felles formannskapsmøte og drøfta aktuelle tema til planen. Det har vore kommunevise møte for å drøfta mål og satsingar i kommunane sine planar (samfunnsdel av kommuneplan og næringsplan) og aktuelle satsingar i regionalplanen. Dette gjeld satsingar som regionrådet kan påverke og har verkemiddel på. RUP-gruppa møtttest 23. november, og drøfta og gav innspel til regionalplanen.

Vurdering:

Med bakgrunn i analyser, innspel og drøftingane er det forslag om fire satsingsområde i planen: 1) Næringsutvikling, 2) Attraktiv buregion, 3) Kompetanse og 4) Samferdsle.

Telemarksforsking framhevar at attraktivitet blir skapt gjennom endringar. For å forbetra attraktiviteten må vi tenkje og arbeida annleis enn tidlegare.

I drøftingane både med kommunane og i RUP-gruppa har det vore vektlagt at regionrådet i sterkare grad enn før bør prioritera nokre område og strategiar. Dette for å bli tydelegare på prioriteringar og kor ein ønskjer å konsentrera innsatsen, og inneber at ikkje «alt» kan vere med. Prioriterte område i planen er dei som regionrådet kan påverka og har verkemiddel på.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 16/480

Arkiv: 130 N00

Saksnr.: Utval
29/16 Sogn regionråd

Møtedato
09.12.2016

Sak 29/16

Samferdsleplan for Sogn regionråd - handlingsplan 2017

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek handlingsplan for 2017 slik han ligg føre.

Vedlegg:

1. Framlegg til handlingsplan for 2017
2. Samferdsleplan for Sogn regionråd 2016-2018

Saksutgreiing:

Sogn regionråd vedtok samferdsleplanen for 2016-2018 i møtet 10.2.2016 og med endringar i møtet 8.4.2016. Handlingsplanen blir rullert årleg.

Samferdslegruppa har drøfta utkast til handlingsplan for 2017 i møtet 22. november. Viktige område for 2017 er mellom anna aust-vestsambandet, Vikafjellstunnelen, Sognebåten og ferjesambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik.

Regional transportplan er i tidleg fase enno. Framlegg til ny transportplan med handlingsprogram kjem på høyring i juni med høyringsfrist september/oktober 2017 og handsaming i fylkestinget desember 2017.

Framlegg til handlingsplan følgjer vedlagt.

Sogn regionråd

 Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 16/5069

Arkiv: 130

Saksnr.: Utval
 30/16 Sogn regionråd

Møtedato
 09.12.2016
Sak 30/16

Handlingsplan 2017 System for styrka læring

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek handlingsplan for System for styrka læring for 2017 slik han ligg føre.

Vedlegg:

Framlegg til handlingsplan System for styrka læring 2017

Saksutgreiing:

System for styrka læring er kommunane i Sogn regionråd sitt program for barnehage- og skuleutvikling. Det er utarbeidd eit overordna programplan for 2013-2021. Handlingsplanen vert rullert årleg. Programstyret handsama sak om handlingsplanen i møtet 11.11.2016. Programstyret rapporterer til Sogn regionråd.

Handlingsplanen er hovudreiskapen i utviklingsarbeidet. Planen seier kva vi skal arbeide med, i kva omfang og til kva tid. Planen set opp mål og delmål for det regionale utviklingsarbeidet. Det overordna målet med programmet og sjølv handlingsplanen er auka læringsutbytte for alle. Det skal vi mellom anna nå gjennom auka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning. Vi har seks strategiområde:

1. Systemisk læring/ lærande organisasjon: Fagnettverka for barnehage og skule og pilotprosjektet "Frå spesialundervisning til tilpassa opplæring" under prosessleiing av Statped Vest.
2. Motivasjon og meistring: Konkretiseringa av den statlege satsinga "Ungdomstrinn i utvikling", der målet er å skape meir variert, spanande og interessant undervisning.
3. Psykisk helse: Styrke det psykososiale læringsmiljøet. Vi har partnerskapsavtale og kompetansebygging i barnehagar og skular i regionen.
4. Entreprenørskap: Styrke elevane sine personlege eigenskapar, kreative evner og trua på moglegheitene i Sogn. Vi har fagnettverk og entreprenørskapsmessa i Høyanger 4. mai.
5. Vurdering for læring: Vidareutvikling av vurderingskultur og vurderingspraksis. Må sjåast i samanheng med "Ungdomstrinn i utvikling".
6. Tidleg innsats: Finne fram til å avdekke behov så tidleg som mogleg. Sjå samanheng mellom psykisk helse og tverrfaglege tiltak.

Vurdering:

Handlingsplanen er ikkje «pålegg», der barnehagane og skulane må gjennomføre alt. Alle kan ikkje gjere alt. Barnehagar og skular må planleggje inn tiltak og aktivitetar i

tråd med analyse og behov i eigen organisasjon. Dette må også sjåast i samsvar med eigen utviklingsplan for barnehagane og skulane, og kommunane sine egne planar og behov.

Etablering av «pedagogisk utviklingsteam» i kvar kommune vil vera eit viktig tiltak. Då får kvar kommune sitt eige «programstyre» for å diskutere og koordinere behov og tiltak i eigen kommune. Aurland og Vik har etablert slike team, der kommunalsjef/ eigar har jamlege møte med styrarane, rektorane og tillitsvalde.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 16/2478

Arkiv: G70 &30

Saksnr.: Utval
31/16 Sogn regionråd

Møtedato
09.12.2016

Sak 31/16

Regional plan for psykisk helse og trivsel

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek regional plan for god psykisk helse for barn og unge slik han ligg føre.

Vedlegg:

Regional plan for god psykisk helse hos barn og unge

Saksutgreiing:

Psykisk helse er eit av satsingsområda i utviklingsprogrammet System for styrka læring. Plan for arbeidet med god psykisk helse i barnehagar og skular i regionen er eit av tiltaka i partnarskapsavtalen for styrka psykisk helse.

Planen er meint å vera eit arbeidsdokument som bør brukast flittig i arbeidet med å styrka barn og unge si psykiske helse. Målet med planen er at arbeidet med å styrka barn og unge si psykiske helse og trivsel får større merksemd i regionen.

Planen inneheld felles regionale tiltak:

- 1) Samarbeid om satsingsområde, strategiar, fagnettverk og tilgang til eksterne og interne ressursar.
- 2) Alle tilsette i skular og barnehagar skal få basiskompetanse innan fem område. Det er lagt opp til 10 timar basisopplæring for alle tilsette, med 2 timar opplæringsøktar for kvart tema:
 - Haldningar og bakgrunnskunnskap
 - Kva som fremjar psykisk helse
 - Kjensler – å forstå dei og handtere dei
 - Risikofaktorar i barnehage og skule
 - Om å handtera teikn på vanskar

Vi har fått midlar frå Fylkesmannen og fylkeskommunen til arbeidet. Planen er utarbeidd i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Kommunane er involverte breitt i arbeidet med å utarbeida felles regionale tiltak. Det har vore møte i kommunane og planen var tema på fagnettverksamlinga i vår. Planen vart sendt til kommunane for innspel innan 21. oktober og innspela er innarbeidde i planen.

Programstyret for System for styrka læring handsama planen i møtet 11.11.2016. Vedteken plan går til kommunane for politisk handsaming. Kommunane må gjera politiske vedtak som konkretiserer og forpliktar innsatsen med å styrkja barn og unge si psykiske helse.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 16/4975

Arkiv: 223

Saksnr.: Utval
32/16 Sogn regionråd

Møtedato
09.12.2016

Sak 32/16

Visit Sognefjord - søknad om tilskot

Tilråding:

Sogn regionråd løyver til Visit Sognefjord:

- kr 50 000 til Vinterkampanjen for Sogn i 2016
- kr 250 000 per år for 2017 og 2018 til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

Vedlegg:

1. Søknad om tilskot for 2017 og 2018
2. Forretningsplan og budsjett 2016
3. Marknads- og tiltaksplan
4. Søknad om tilskot for vinterkampanjen 2016

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Visit Sognefjord søker om tilskot på kr 250 000 pr år for 2017 og 2018 til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn, og kr 50 000 i 2016 til Vinterkampanjen for Sogn.

Visit Sognefjord har frå 2013 vidareført marknadsarbeidet frå reiselivslaga og gamle Visit Sognefjord.

I grunnfinansieringa av selskapet inngår marknadsbidraga frå kommunane og næringa, tilskot frå regionrådet og fylkeskommunen, provisjonsinntekter, inntekter frå annonsekampanjar og prosjektfinansering, totalt kr 8 390 000 i 2017 og kr 8 729 000 i 2016. Fylkeskommunen kjem til å redusera sitt bidrag frå 2018/2019, men det er ikkje avklart kor stor endringa vert. Visit Sognefjord har lagt opp til auka næringsandel frå 5% til 10% årleg auke i marknadsbidraga frå næringa og auka annonse- og prosjektinntekter i perioden.

Visit Sognefjord er avhengig av ekstern støtte for å halda oppe eksisterande aktivitetsnivå i perioden 2017-2018. Forretningsplan for 2015-2019 og tiltaksplan med budsjett for 2016 er lagt ved søknaden. Marknads- og tiltaksplan med budsjett for 2017 vert basert på planen for 2016 og er klar innan 15.12.2016.

Visit Sognefjord søker om kr 50 000 til Vinterkampanjen i Sogn. Vekstmåla for vinteren er sett til 6% (60 000 gjestedøger) i perioden 2014-2019. For å nå måla med auka vintertrafikk er Vinterkampanjen til Visit Sognefjord ei viktig satsing utanom den innsatsen næringa gjer sjølve. I 2016 har det vore ei ekstra satsing med vintermagasin og utviding av

Norgeskampanjen som del av satsinga. Totale kostnader er kr 275 000 med delfinansiering frå næringa på kr 115 000 og Visit Sognefjord kr 160 000.

Vurdering:

I framlegg til ny regionalplan er ein av strategiane å støtte Visit Sognefjord som verktøy for reisemålsutvikling i regionen. Dette er vidareføring av gjeldande regionalplan. Det er sett av midlar i framlegg til budsjett for 2017 med auke frå kr 240 000 til kr 250 000. Det har ikkje vore auke i tilskotet etter 2009.

Reiselivsnæringa er ei raskt veksande næring. Sogneregionen har hatt ei solid auke i talet tilreisande sidan 2013, og det er skjedd ei sesongutviding. Veksten skal kome heile året, med størst del på haust, vinter og vår. Næringsnettverket har ved fleire høve understreka at reisemålsselskapet er viktig for regionen. Selskapet har aukande oppslutning. Visit Sognefjord har ei viktig rolle som pådrivar og koordinator for å utvikla reiselivet i regionen. Administrasjonen tilrår å løyve midlar til Visit Sognefjord og slik medverka til å støtta selskapet som verktøy for reisemålsutvikling og målet om fleire heilårsarbeidsplassar.

Administrasjonen tilrår at det vert løyvd:

- kr 250 000 kvart år for 2017 og 2018, finansiert av regionale utviklingsmidlar - reiseliv
- kr 50 000 til vinterkampanjen for 2016, finansiert av fondsmidlar diverse prosjekt.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 16/3941

Arkiv: 210 &14

Saksnr.: Utval
33/16 Sogn regionråd

Møtedato
09.12.2016

Sak 33/16

Budsjett 2017 Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek budsjettet for 2017 slik det ligg føre.

Vedlegg:

Framlegg til budsjett 2017

Saksutgreiing:

I budsjettet er det lagt inn deflator på 2,5% for løns- og kontorutgifter for stillingane og for avtalen om GIS-løysing.

Totalt budsjett for Sogn regionråd er 5 732 000. Det er budsjettert med eksterne inntekter kr 1 112 000, kontingent kr 3 426 000 og fondsmidlar (hovudsakleg eksterne midlar) kr 1 194 000.

Fylkeskommunen har meldt frå om at dei årlege regionale utviklingsmidlane er redusert frå kr 550 000 til kr 500 000.

Kontigenten dekker drift med kr 3 276 000 (sekretariatet, rådet, rådmannsgruppa, IKT, GIS-koordinator, programleiar for barnehage og skule, utviklingsrettleiar, fagnettverka og regionleiarfunksjon for barnehage og skule) og regionale utviklingstiltak med kr 150 000.

I tillegg til kontigenten kjem kr 1 588 000 ekskl mva til drift av kommunenett og GIS-løysing. Vedlegget viser oversikt over kostnadsfordeling for kommunenett og GIS-løysing.

Framlegg til budsjett for 2017 følgjer vedlagt.

**Vedlegg
Framlegg til budsjett 2017**

		Budsjett 2016	Budsjett 2017
7501 Sekretariat			
10100	Løn faste stillingar inkl. sosiale utgifter	760 000	779 000
11002	Abonnement	2 000	2 000
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11300	Telefonutgifter	5 000	5 000
11401	Andre annonser	4 000	4 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferanser	10 000	10 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	12 000	12 000
12002	Data- og kommunikasjonsutstyr	4 000	4 000
12900	Husleige, PC, arkiv mv (Internkjøp	258 000	259 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 067 000	-1 087 000
		0	0
7502 Drift råd			0
11151	Servering	50 000	50 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	20 000	30 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-90 000	-90 000
		0	0
7503 Rådmann			
11151	Servering	20 000	10 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-20 000	-10 000
		0	0
7510 Kommunenett *			0
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	1 238 000	1 060 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 214 000	-1 036 000
17750	Refusjon frå IKS	-24 000	-24 000
		0	0
7511 IKT			
11151	Servering	2 000	
11500	Kurs og konferanse		9 000
11953	Kontigentar og medlemsskap	9 000	
17290	MVA-kompensasjon drift		0
17500	Refusjon frå andre kommuna	-11 000	-9 000
		0	0
7512 GIS-koordinator			
10100	Lønsutgifter	0	0
11300	Telefonutgifter	7 000	7 000

11151	Servering	5 000	5 000
11500	Kurs og konferanser	30 000	30 000
12900	Intern kjøp	5 000	5 000
14500	Overføring til Vik kommune	787 000	807 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-763 000	-781 000
17750	Refusjon frå IKS	-71 000	-73 000
		0	0
7513 GIS-løysing *			
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	498 000	690 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-420 000	-552 000
17750	Refusjon frå IKS	-78 000	-138 000
		0	0
7520 Psykisk helse			
		0	0
14700	Overføring til andre	200 000	200 000
19500	Bruk av bundne fond	-200 000	-200 000
		0	0
7521 Psykologar folkehelse			
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)		40 000
11400	Annonsering	0	0
18106	Statstilskot	-200 000	0
14500	Overføring til Sogndal kommune	960 000	447 000
19500	Bruk av bundne fond	-760 000	-487 000
		0	0
7550 RUP			
10300	Løn stillingar inkl. sosiale utgifter	170 000	
12700	Konsulenthonorar, ikkje oppg. pliktig	120 000	140 000
11500	Kurs og konferanse	50 000	10 000
14900	Avsetjing til seinare fordeling - kun budsjett	140 000	280 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-175 000	-125 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-245 000	-195 000
19500	Bruk av bundne fond	-60 000	-110 000
		0	0
7551 Reiseliv			
			0
14700	Overføring til andre (private)	240 000	250 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-150 000	-150 000
19500	Bruk av bundne fond	-90 000	-100 000
		0	0
7555 Rekruttering			
14700	Overføring til andre (private)	150 000	150 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	0	0
19500	Bruk av bundne fond	-70 000	-70 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-80 000	-80 000
		0	0

7556 Næringsutvikling		0	0	0
			0	0
7557 Ungdom				
	11500	Kurs og konferansar	20 000	20 000
	19500	Bruk av bundne fond	-20 000	-20 000
	0		0	0
7558 Bhg-skulesamarbeid adm				0
	10100	Løn faste stillingar inkl. sosiale utgifter	835 000	856 000
	11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
	11300	Telefonutgifter	3 000	3 000
	11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
	11500	Kurs og konferansar	15 000	15 000
	11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	15 000	15 000
	12002	Datautstyr /programvare	5 000	5 000
	12900	Intern kjøp (husleige)	97 000	100 000
	17500	Refusjon frå andre kommunar	-977 000	-1 006 000
	18900	Overføring frå andre (private)	-5 000	
			0	0
7559 Bhg-skule kompetanse				
			0	0
7560 Entreprenørskap				
	11500	Kurs og konferansar	120 000	120 000
	11703	Anna persontransport	80 000	100 000
	12700	Konsulentonorar, ikkje oppg.pl.	50 000	50 000
	14500	Overføring til andre kommunar		70 000
	17500	Refusjon frå kommunar	-25 000	-25 000
	18500	Overføring frå kommunar	-40 000	-30 000
	18300	Overføring frå fylkeskommunen	-75 000	-75 000
	18300	Overføring frå fylkeskommunen		-50 000
	18900	Overføring frå andre (private)	-40 000	-40 000
	19500	Bruk av bundne fond	-70 000	-120 000
	0		0	0
7561 Skule Fagnettverk				0
	14500	Overføring til andre kommunar	185 000	182 000
	17500	Refusjon frå kommunar	-95 000	-95 000
	19500	Bruk av bundne fond	-90 000	-87 000
			0	0
7563 Barnehage				
	11500	Kurs og konferansar	288 000	404 000
	14700	Overføring til andre	15 000	15 000
	18106	Statstilskot	-303 000	-419 000
			0	0

7568 Utviklingsrettleiar			
11003	Faglitteratur og kartverk	3 000	3 000
11500	Kurs og konferanser	15 000	15 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	45 000	45 000
14500	Overføring til andre kommunar	132 000	135 000
17500	Refusjon frå kommunar	-195 000	-198 000
		0	0

Kontingent for 2017

Kommune	Folketal 01.01.16	Fast del	Variabel del	Kontingent 2017	Kontingent 2016
Aurland	1 764	190 333	92 495	282 829	273 913
Balestrand	1 294	190 333	67 851	258 184	250 045
Høyanger	4 161	190 333	218 182	408 515	395 638
Leikanger	2 298	190 333	120 496	310 829	301 031
Luster	5 093	190 333	267 052	457 385	442 967
Lærdal	2 172	190 333	113 889	304 222	294 632
Vik	2 689	190 333	140 998	331 331	320 886
Sogndal	7 839	190 333	411 038	601 372	582 414
Årdal	5 359	190 333	280 999	471 333	456 475
Totalt	32 669	1 713 000	1 713 000	3 426 000	3 318 000

Drift av kommunenet 2017

Kommune	Folketal 01.01.16	Fast del	Variabel del	Sum utan mva
Aurland	1 764	64 750	32 052	96 802
Balestrand	1 294	64 750	23 512	88 262
Leikanger	2 298	64 750	41 755	106 505
Luster	5 093	64 750	92 542	157 292
Lærdal	2 172	64 750	39 466	104 216
Vik	2 689	64 750	48 860	113 610
Sogndal	7 839	64 750	142 437	207 187
Årdal	5 359	64 750	97 375	162 125
Totalt	28 508	518 000	518 000	1 036 000

Drift av GIS-løysing 2017

Kommune	Folketal 01.01.16	Fast del	Variabel del	Sum utan mva
Aurland	1 764	34 500	17 078	51 578
Balestrand	1 294	34 500	12 528	47 028
Leikanger	2 298	34 500	22 248	56 748
Luster	5 093	34 500	49 308	83 808
Lærdal	2 172	34 500	21 028	55 528
Vik	2 689	34 500	26 034	60 534
Sogndal	7 839	34 500	75 893	110 393
Årdal	5 359	34 500	51 883	86 383
Totalt	28 508	276 000	276 000	552 000

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 16/482

Arkiv: 062

Saksnr.: Utval
34/16 Sogn regionråd

Møtedato
09.12.2016

Sak 34/16

Orienteringssaker i Sogn regionråd

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
2. Innspel frå medlemane
3. Arbeidsgruppene
4. Rådmannsgruppa
5. Administrasjonen
 - Bevaringsområde for hummer
6. Helikopterflyging ved reiselivsdirektør Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord
7. Vil vite senter ved Kaupanger næringsforening
8. Vårt lokalsamfunn ved rådgjevar Jørn Helgheim, Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane
9. Programarbeidet «Pasientens helseteneste» og forprosjektet ombygging og utbygging av Førde sentralsjukehus ved informasjonssjef Terje Ulvedal, Helse Førde

Skriv og meldingar

1. Partnarskapsavtale for styrka psykisk helse i barnehagar og skular i Sogn
2. Referat frå møte med samferdslegruppa 22.11.2016
3. Kapitaliseringsrente - Eigedomsskattegrunnlag for vasskraftverk, opprop til Stortinget 23.11.2016

Partnerskapsavtale for styrka psykisk helse i barnehagar og skular i Sogn

1. Bakgrunn for samarbeidet

Dei ni kommunane i Sogn regionråd har psykisk helse i skulen som eitt av sine overordna strategiområda i utviklingsprogrammet «System for styrka læring» 2013 - 2021. Gjennom tiltaksplan i dette programmet har barnehage- og skuleeigar og alle grunnskulane og barnehagane i regionråds kommunane forplikta seg på arbeide med betra psykisk helse fram mot 2021.

Ei så kompleks utfordring som barn og unge si psykiske helse krev samordna og koordinerte tiltak på fleire område. Forsking syner at 15 – 20% av alle ungdomar har psykiske vanskar som går ut over deira funksjonsevne. Dette kan ikkje handterast av den einskilde barnehage eller skule åleine. Det er bruk for kompetanse frå fleire ulike aktørar. Regionrådet vil difor styrkja sitt samarbeid med andre eksterne forskings- og kompetansemiljø, og ynskjer å etablera ein langsiktig samarbeidsavtale for regionen sitt arbeid med psykisk helsefremming i skular og barnehagar.

2. Avtalepartar

Avtalen er tufta på eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane, HEMIL-senteret, RKBU Vest, Helse Førde, Utdanningsforbundet og Sogn regionråd med medlemskommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

3. Sju tiltaks- og samarbeidsområde

Denne partnerskapsavtalen gjeld sju satsingsområder i arbeidet med psykisk helsefremming i skular og barnehagar. Kvar av partane skal bidra på dei punkta dei finn relevant i høve til roller, kompetanse og ressursar. Samarbeidet omfattar følgjande punkt:

- A. Hovudmålet er å styrke det psykososiale lærings- og utviklingsmiljøet i barnehagar og skular, noko som kan koma alle barn og unge til gode.
- B. Vidare arbeid med planverktøy for kommunane, regionrådet og programstyret, og utvikla ein felles modell for arbeidet med psykiske helse i barnehagar og skular i regionen.
- C. Utvikle det tverrfaglege samarbeidet mellom barnehage og skule, og barnevern, PPT og helsestasjonane.
- D. Kompetansehevande tiltak for heile personalgruppene på arbeidsplassnivå.
- E. Utvikla eit studietilbod om psykisk helsefremjande arbeid, slik at personalet får høve til å ta formell og poenggjevande utdanning i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane.
- F. Kultur- og haldningsnivå: Gjennom kunnskapsformidling og haldingsarbeid auka medvitte hjå personale i skular og barnehagar om kva ansvar og mogelegheit desse institusjonane har i å styrkja barn og unge si psykiske helse.

- G. Forsking: Vi ynskjer å gjennomføre eit omfattande forskingsarbeid i samband med implementeringa av tiltaka. Fyrste steg er å reise midlar til gjennomføring av eit PhD-arbeid i partnerskapen. På eit seinare tidspunkt vil det vere ønskjeleg med følgjeforsking på kva effekt ein felles regional tiltak som dette kan få for barnehagane og skulane i regionrådskommunane.

4. Forplikting/ organisering av arbeidet

Samarbeidet skal byggje på god planlegging og ryddige avtalar frå alle partane i prosjektet. Sogn regionråd held kontakten med kvar av partane, og etablerer ei føremålstenlig samarbeidsstruktur. Sogn regionråd har det overordna ansvaret for å utvikling og gjennomføring av tiltaka i partnerskapsavtalen. Partane innarbeider avtalen i sine planar og har ei jamleg dialog for å vidareutvikle samarbeidet. Partane forpliktar seg til å:

- A. Sikre politisk og administrativ forankring i eigen organisasjon.
- B. Informere aktivt i alle relevante ledd i eigen organisasjon.
- C. Bringe relevante satsingar inn i prosjektet.
- D. Bidra til å stille til rådvelde naudsynte ressursar for å kunne gjennomføre planlagde aktivitetar.

Kvar av partane definerer omfanget av sitt bidrag/si rolle etter kvart som prosjektplanen vert meir konkret utforma.

5. Avtaleperiode, oppseiing og evaluering

Denne avtalen erstattar avtalen som vart inngått 3. oktober 2014. Avtalen føl utviklingsprogrammet "System for styrka læring" fram til avslutning i 2021. Kvar av partane kan seie opp avtalen med seks månaders varsel. Partane skal kvart år ha eit fellesmøte, der vi evaluerer formål, tiltak, resultat og eventuelt justerer partnerskapsavtalen.

Sogndal, 11.11.2016



Petter Sortland
Leiar
Sogn regionråd



Anne Marita Milde
Senterleiar
RKBU Vest, Uni Research Helse



Jon Bolstad
Administrerande direktør
Helse Førde



Rasmus Stokke
Rektor
Høgskulen i Sogn og Fjordane



Bente Wold
Professor
HEMIL-senteret



Heidi Rennestraum
Hovudtillitsvald
Utdanningsforbundet



Møte i samferdslegruppa - referat

Møtenummer: 4/2016

Møtetidspunkt/-stad: 22. november 2016, Sogndal kulturhus

Deltakarar: Ordførarane Ivar Kvalen, Olav Turvoll og Jarle Aarvoll. Dagleg leiar: Karina Nerland (referent). Forfall: Jan Geir Solheim og Harald N. Offerdal

Handlingsplan for samferdsle 2017

Samferdsleplan for 2016-2018 og forslag til handlingsplan for 2017 var utsendt til møtet.

Samferdslegruppa diskuterte status, framdrift og tiltak for:

Vikafjellstunnelen:

- Informasjon om møte med Stortingsbenken

Aust-vestsambandet:

- Arbeidet med å byggje alliansar held fram
- Fråsegn til KVU rv 7/rv 52 Gol-Voss. Høyringsfristen er 15.12.2016. Administrasjonen sender framlegg til regionrådet for tilslutting.

Framlegg til handlingsplan vert lagt fram for neste regionrådsmøte.

Regional transportplan 2018-2027

Følgjebrev frå fylkeskommunen om RTP og oversikt over analysetema var utsendt til møtet. I denne første fasen gjennomfører fylkeskommunen analyser innan tema som er fastlagde i planprogrammet. Fylkeskommunen ber om innspel på dei tema som skal greiast ut for å få eit godt kunnskapsgrunnlag. Samferdslegruppa har i tidlegare møte tilrådd at Sogn regionråd prioriterer fv 55 og rassikring i RTP, og begge er med som analysetema for utgreiing.



Stortinget
Ekspedisjonskontoret

Kapitaliseringsrente - Eigedomsskattegrunnlag for vasskraftverk

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har følgjande fråsegn:

Norske kraftkommunar får reduserte skatteinntekter med nær 400 millionar kroner i 2017 grunna låg kraftpris og høg kapitaliseringsrente. I Sogn vert inntektene redusert med 46 millionar kroner.

Den tekniske verdien av vasskraftverka er redusert med 54 milliardar på eitt år. Dette er ikkje i samsvar med faktisk marknadsvardi. Inntektsreduksjonen er ikkje berre dramatisk for mange kommunar, men og uventa og utilsikta.

Dersom inntektsreduksjonane vert så store som det no ligg an til, vil det får store konsekvensar for tenesteyting og investeringar i kommunane.

Sogn regionråd ber om at Stortinget gjev regjeringa melding om å endra kapitaliseringsrenta, som er ein av fleire faktorar når skatteetaten reknar ut verdien av kraftverka. Ved å redusere kapitaliseringsrenta vil ein kunne forhindre eit dramatisk og utilsikta skattebortfall for kommunane. Stortinget har i budsjettet for 2012 føreset at kapitaliseringsrenta skal fastsetjast i samband med dei årlege budsjettforhandlingane. Men dette er ikkje blitt gjennomført.

Ein reduksjon av dagens rente på 4,5 prosent til 3 prosent vil etter det Sogn regionråd er kjent med kunne redde kommunane sitt skattegrunnlag allereie frå neste år, utan at det påverkar statsbudsjettet nemneverdig.

Lågare kapitaliseringsrente gir høgare verdivurdering og høgare eigedomsskatt.

Skatteinntekter frå kraftverk har vore inntekter som kommunar har fått som kompensasjon for naturressursar dei har bidrege med til storsamfunnet. Kommunane har mista store inntekter også tidligare.

Sogn regionråd ber innstendig om at Stortinget følgjer opp tidlegare lovnader om at kapitaliseringsrenta skal fastsetjast i samband med dei årlege budsjettforhandlingane.

Sogn regionråd viser elles til fråsegn frå Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) som representerer synet til 174 kommunar i denne saka.

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift